



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Middelthuns gate 29
0368 OSLO

Dato: 20.08.2019
Vår ref.: 2019/11320-7
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Søknad om Gjelet kraftverk i Jondal kommune

Viser til høringsbrev frå 07.05.2019 om søknad om Gjelet kraftverk i Jondal kommune. Hordaland fylkeskommune har handsama høyringa i utval for kultur, idrett og regional utvikling (18.06.2019) og i Fylkesutvalet 20.06.2019.

Vedlagt er protokoll frå saksgang og saksframlegg. Dokument er før sommaren sendt på epost til sakshandsamar i NVE, Joachim Kjelstrup.

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2019/11320-2

Saksbehandlar: Tale Halsør, Elizabeth Warren, David J Aasen Sandved, Øystein Monsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	87/19	18.06.2019
Fylkesutvalet	144/19	20.06.2019

Søknad om Gjelet kraftverk, Jondal kommune**Samandrag**

NVE har i brev av 07.05.2019 sendt på høyring søknad om bygging av Gjelet kraftverk i Jondal kommune. Søknaden er ein redusert versjon av ein tidlegare avslått søknad frå 2013 om Sævarhagen kraftverk, som vart handsama i lag med 12 andre småkraftsøknadar på Folgefonnhalvøya.

Gjelet kraftverk vil utnytte deler av elva frå utløpet av Herandsvatnet ned mot sjøen, med kraftstasjon og utløp over fossen. Tiltaksområdet ligg i kulturlandskapet i Herand. Herand er ei bygd med viktige kulturminneverdier, og delar av desse er knytte til elvestrengen. Elva har noko verdi for biologisk mangfald, som leveområde for vasstilknytte fuglar. Fylkesådmannen kjenner ikkje til at tiltaket er strid med andre brukarinteresser.

Økonomi: Ingen konsekvens.

Klima: Tiltaket vil gi 9 GWh årleg ny fornbær energi, med ein relativt låg utbyggingspris (2,33 kr/kWh). Utbygginga vil auke kapasiteten til vassdraget til å ta unna vatn ved auka nedbør, men som alle inngrep i vassstrengar, gjere potensialet for skade ved flaumar større ved at vatn kan ta andre vegar og dra med seg tekniske installasjonar.

Folkehelse: Tiltaket er ikkje vurdert å ha effekt for folkehelse.

Regional planstrategi: Tiltaket er ikkje vurdert å vere relevant for strategiar i regional planstrategi.

Forslag til innstilling

1. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsgaga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.
2. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
3. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
4. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsganga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.
2. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
3. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
4. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet rår frå utbygging av Gjelet kraftverk. Herand er nasjonalt kjent for sitt sin store innsats for å ta vare på kulrurlandskapet og bygda si. Dei mottok den nasjonale kulturlandskapsprisen for dette. Gjeli kraftverk ligg midt i herandsbygda, sjølv om elvesterkninga delvis ligg skjult i eit elvegjel. I dag byggjest eit av dei største nyare kraftverk i Hardanger, til om lag 200 mill kr og 78 GWh, i den same elva med kraftverk lenger oppe i bygda. I Hardanger og kommunane rundt Folgefonna er det dei siste 15 år gjeve løyve til over 150 kraftverk. Vassdragsnaturen i Hardanger er såleis prega svært store inngrep, med dei alvorlege farane for tap av artar og biologisk mangfald det inneber. Med bakgrunn dette, kan ikkje Fylkesutvalet støtta ei fråsegn som går inn for konsesjon til Gjeli kraftverk. Nve bør avslå konsesjon til Gjeli kraftverk. Dersom det likevel vert bygd må det takast omsyn til desse punkta:
2. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsganga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.
3. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
4. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
5. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.»

Røysting

Innstillinga vart vedteke med 13 røyster (A, Sp, 1 KrF, V, Frp og H) mot Oen sitt forslag som fekk 2 røyster (SV og 1 KrF) og fall.

Vedtak

1. Konesjonsvilkåra må sikra vassføring til drift av den freda oppgangsganga Tveiti, Askeladden-id 87193, i samråd med Hardanger og Voss museum som driftar saga.

2. Minstevassføringa i synlege delar av elva må vere tilstrekkeleg til å halde oppe elva og fossen som landskapselement.
3. Den planlagde kraftstasjonen må utformast slik at det vert teke omsyn til både kulturlandskap og bygningsmiljøet i området.
4. Predatorsikre hekkedassar og tiltak for å sikre kantvegetasjon er viktig for å redusere negative konsekvensar for vasstilknytte fuglar i elva.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.05.2019

1. Innleiing

NVE har i brev av 07.05.2019 sendt på høyring søknad om bygging av Gjelet kraftverk i Jondal kommune. Høyringsfrist er 21.06. Søknaden er ein redusert versjon av ein tidlegare søknad om Sævarhagen kraftverk, som vart handsama i lag med 12 andre småkraftsøknadar på Folgefonnhalvøya. Desse var på høyring hjå Hordaland fylkeskommune våren 2013. Fylkeskommunen varsla motsegn grunna kulturminneverdiar i området. Sævarhagen kraftverk fekk avslag på konsesjon hjå NVE.

2. Søknaden

I vassdraget Storelvi i Herand ligg det føre søknader om Gjelet kraftverk. Jona Kraft AS har avtale med 12 av 13 aktuelle grunneigarar om leige av fallrettar til utbygging av kraftverket. Det vart halde jordskiftesak 14.2.2013 for å finne ei bruksordning.



Rød pil markere utløpet av Herandsvatnet hvor eksisterende dam og inntaksområdet vil ligge. Grønn pil markerer nytt kraftstasjonsområde. Blå pil markerer settefiskanlegg og oppgangssag.

Prosjektområdet til Gjelet kraftverk vil vere i nedre del av Storelvi, mellom Hardangerfjorden og Herandsvatnet, der elva går gjennom oppdyrka jordbrukslandskap med noko kantvegetasjon langs elvestrengen. Området har ein del bygg, vegar og anna infrastruktur. Ved utløpet i fjorden ligg eit settefiskanlegg tilhøyrande Marine Harvest Sør. Det er spor etter tidlegare kraftproduksjon i elva, og det er etablert ein dam og ein terskel ved utløpet av Herandsvatnet. Herand kraftverk oppstraums Herandsvatnet har fått konsesjon til eit større kraftverk som skal produsere 74 GWh/år, og er under bygging.

Gjelet kraftverk vil nytte eit fall på 52 meter frå utløpet av Herandsvatnet, til kraftstasjon 250 meter frå fjorden. Røyrgate vil gå på nordsida av elva og vere 530 meter lang. Røyret vil gravast ned i

eksisterande jorbdbruksveg, i utmark og dyrka mark. Prosjektet vil nytte ein allereie etablert inntaksdam. I tillegg til midlertidige anleggsvegar langs røyrgata, vert det bygd 20 m ny permanent veg til kraftstasjonen og 40 m jordkabel frå kraftstasjon til koplingspunkt til nettet. Det vert etablert ein midlertidig anleggsveg langs heile traseen. Planlagd installert effekt i kraftverket er 1765 kW som gjev ein venta årsproduksjon på 9 GWh. Av dette er to tredelar sommarkraft. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 624 l/s i sommarsesongen og 208 l/s resten av året. Det er stadfesta ledig kapasitet i nettet. Utbyggingskostnad er venta å bli 21 mill.kr, som gjev ein utbyggingspris på 2,33 kr/kWh.

Dei viktigaste endringane frå den tidlegare søknaden (Sæverhagen kraftverk), er at fossen, vassstilførsel til oppgangssaga og reservevassinntak til fiskeindustri ikkje vert påverka, og at vassforbruket er redusert frå 73% til 52% av tilgjengeleg vatn i elva.

Landskap

Landskapet er representativt for regionen, men er dominert av eit særleg rikt kulturlandskap med tilhøyrande autentisk bygningsmiljø. Miljøet er knytt til bruk av elva til sagbruk- og kvernhusdrift gjennom tidene og jordbruk som held landskapet ope og gjer kontrastane tydelegare. Landskapet i Herandsbygda er særeige og vurdert å ha regional verdi.

Biologisk mangfald

Området er prega av kulturlandskap og det er ikkje særleg artsrikt. Elva er klassifisert til å ha lokal verdi som viktig bekkedrag, grunna sin funksjon som reirplass og skjulestad for fuglar, og produksjon av smådyr som er viktig føde for vasstilknytt fugl og fisk. Det er nokre alme- og asketre langs elva, som er raudlista artar og nær truga. Tiltaket er vurdert å ha liten negativ effekt på biologisk mangfald, grunna få verdier i området. Konsekvensane gjeld i hovudsak næringstilgang og hekketilhøva for vasstilknytt fugl. Det er noko bekkeare i elva som slepp seg ned i elva frå Herandsvatnet, men det er ikkje fiske på denne.

Samfunn og andre brukarinteresser

Utbygginga vil krevje landbruksareal i anleggsfasen, men er ikkje venta å ha negative konsekvensar for landbruket i driftsfasen. Fallrettsleige vil gi ekstraintekt til gardsbruka. Marine Harvest Sør nyttar i dag vatn frå Herandsvatnet til drift av settefiskanlegg. Tiltaket vil ikkje påverke bedrifta sin tilgang til vatn. Kraftstasjonen vil liggje nær busetnad og vil krevje støyreduserande tiltak.

3. Vurdering og tilråding

I det følgjande er det planlagde tiltaket vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, ålmenne interesser. Hordaland fylkeskommune er regional sektorstyresmakt innanfor kulturminne. Vidare ligg Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland til grunn for vurderingane. I tillegg til delplanen har fylkeskommunen utarbeidd ei verdivurdering av landskap og av friluftsområde i Hordaland, som også er nytta i vurderingane.

For delområde Jondal-Strandebarm står følgjande i fylkesdelplanen:

Strandebarm – Jondal delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Jondalselva har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget.

3.1. Kulturminne

Hordaland fylkeskommune saknar ei grundig fagleg utgreiing av kulturminneinteressene og konsekvensen tiltak vil ha på desse.

Kulturlandskap og -miljø ved Herand er spesielt og har stor tidsdjupne. Det er eit særleg rikt og variert kulturlandskap og bygningsmiljø knytt til jordbruk og bruk av elva som ressurs til sagbruk, kvern, kraft, og oppdrettsnæringa. I tillegg er det fleire viktig førhistorisk kulturminne i området som helleristningsfelt på Bakke, Askeladden-id 105587, og Sævarhagshelleren, Askeladden-id 91275, som har vore gjenstand for større arkeologisk undersøkingar i regi av Universitetet i Bergen. Området har stor kulturminneverdi, ikkje berre for Jondal og Hardanger, men òg nasjonalt. Nye tiltak skal ivareta verdiane i kulturmiljøet som heilskap, mellom anna gjennom god terrengtilpassing, gjennomtenkt lokalisering, utforming og detaljering.

Tveiti oppgangssag, Askeladden-id 87193, er truleg den siste vassdrivne oppgangssaga i landet som har vore i kontinuerleg drift. Saga er vedtaksfreda etter kulturminnelova § 15. Sidan restaureringa av saga tok til, har Hordaland fylkeskommune vore ein aktiv støttespelar, både som kulturminnefagleg rettleiar og ved å yte tilskot til saga. Det må takast særleg omsyn til Tveiti oppgangssag og kulturmiljøet rundt.

For å ta vare på den immaterielle kulturarven er drifta av saga avgjerande. Tilførsel av vatn til Tveiti oppgangssag må difor sikrast, slik at det vert god vasstilgang for ordinær drift. Saga leverer material til restaurering av andre kulturminne i regionen, mellom anna til verdsarvstaden Bryggen i Bergen. Saga er drifta av Hardanger og Voss museum, og planane nytt kraftverk må leggjast fram for dei, slik at dei kan ta stilling til om planlagt vassføringa er tilstrekkeleg. For å ivareta samanheng og lesbarheit i landskapet må minstevassføringa i synlege delar av elva vere tilstrekkeleg til å behalde elva og fossen som landskapselement. Det er difor positivt at kraftstasjonen er flytta til oppsida av fossen ovanfor brua, slik at fossen ikkje vert påverka av reguleringa.

Den gamle kraftstasjonen i Storelvi er eit viktig kulturminne og vi rår til at det blir restaurert som ein del av prosjektet, slik det gikk fram av konsesjonssøknaden i 2013. Den gamle kraftstasjonen med eksisterande røyrgate bør vise fram kraftproduksjon frå ny og gamal tid, og vil kunne nyttast i tilknytning til ein ny tursti for bygda Herand. Den planlagde kraftstasjonen er tenkt plassert i eit rikt og variert kulturlandskap og bygningsmiljø. Det er difor viktig at bygningsmessige tiltak tek omsyn til dette på ein god måte. Arkitektonisk kvalitet med omsyn til materialbruk, utforming og detaljering må vektleggjast både når det gjeld bygning og uteareal.

Arkeolog frå Hordaland fylkeskommune har vore på synfaring 6. februar 2013, og har fått klarlagt fleire spørsmål med omsyn til kulturminne. Det er ikkje brukt eit oppdatert kart over kjende kulturminne i konsesjonssøknaden. Dette er uheldig. I 2015 var det utført ei arkeologisk registrering for ein landbruksveg over eigedomen gnr. 3 bnr. 5. Her vart det gjort førhistoriske funn i 3 område, Askeladden- id 214795, 214796 og 214800. Eit av desse vart utgrave og fjerna i samband med utbygging av landbruksvegen. Forholdet til desse automatisk freda kulturminna må avklarast.

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert gjennomført i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekka funn med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

3.2. Landskap

I Fylkesdelplanen er området definert som fjordlandskap av stor verdi. Retningslinene slår dimed fast at ein skal vere restriktiv med tiltak som reduserer inntrykket frå vassvegar som er synlege i landskapet og synlege terrenginngrep.

R3 Fjordlandskap

2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal leggje vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgrater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Bygdefolket har gjennom mange år arbeidd for å ta vare på og gjere tilgjengeleg landskapet og kulturminna i Herand. Bygda er i dag ein etablert landskapspark støtta av Fylkesmannen der natur- og kulturlandskapet skal utviklast på ein berekraftig måte. Arbeidet med landskapet i bygda har fått nasjonal og europeisk merksemd.

Elva i Herand har vore utgangspunkt for aktivitet i lang tid og mykje av bygda er sentrert kring den nedre del av elva, frå Herandsvatnet til fjorden. I fylkesdelplanen er denne delen av elva avmerka som elvestryk i kjeldekart for reiseliv. Det er difor viktig at utbygginga tek omsyn både til det store fjordlandskapet, men også det nære landskapet langs elva i bygda. For Gjelet kraftverk vil redusert vassføring kunne påverke det nære landskapet negativt i ei bygd der landskapet er ein viktig del av verdien for reiseliv.

Utbygginga er ikkje i konflikt med retningsline 3, men det bør stillast relevante krav til utforming og gjennomføring av tiltak for å oppretthalde landskapsverdiane.

3.3. Biologisk mangfald

R5 Biologisk mangfald

3. For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.

Det er truleg fossefall i elva og retningslinene slår dimed fast at avbøtande tiltak må gjennomførast for å sikre desse hekkeplassane. Rapport om biologisk mangfald rår til utplassering av fleire reirkassar for fossefall og å oppretthalde og om mogleg utvide kantskogen langs elvestrengen. Søkjarane til Gjelet kraftverk foreslår å etablere ein tursti langs elvekanten som del av prosjektet. Dette bør ikkje komme i konflikt med kantskogen langs elva, som er viktig for å oppretthalde det biologiske mangfaldet.

3.4. Friluftsliv

Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med Fylkesmannen utarbeidd ei kartlegging og verdisetting av regionale friluftsområde i Hordaland. Her er det registrert eit friluftsområde «Herand» med verdi C - *Område der delar kan omdisponerast eller fortettast etter grundige vurderingar av rekreasjonsverdiane.*

Prosjektområdet til Gjelet kraftverk er del av kulturlandskapet og ligg eit stykke utanfor dette friluftsområdet. Fylkesrådmann kjenner ikkje til friluftsverdiar som kan vere i konflikt med tiltaket.

